

Leiar

Hopsstranda

Sist veke skjedde det igjen. Det rasa stein ned på Fv615 i Hopsstranda i Hyen. Den største steinblokka var over ein kubikkmeter, og vegen var stengd i eit døgn før geolog kunne gå god for at det var sikkert å sleppe trafikken forbi den rasutsette strekninga igjen.

Vi har ikkje tal på kor mange gongar vegen mellom Straume og Hope har vore stengd dei siste åra på grunn av ras og rasfare. Det må snart karakteriserast som eit under at rasa har kome på tider då det ikkje har vore trafikantar som er blitt treffe.

– Det var sekund eller minutt om å gjere at eg kunne ha blitt teken. Eg var heldig, sa Nils Solheim til oss rasdagen og slo fast at no må noko skje med den rasutsette strekninga: – Ein kan ikkje leve med dette. Tenk om skulebussen blir teken.

Det er enkelt å slutte seg til Solheim sine ord. Hyarane kan ikkje lenger leve med at denne sentrale vegen sør- over mot Sunnfjord, som er skuleveg, arbeidsveg og handleveg for mange, blir liggjande som ei tikkande bombe i år etter år. Om ikkje noko snart blir gjort, er faren stor for at det på eitt eller anna tidspunkt vil gå liv. Er det det som skal til for at noko skjer?

Ja, vi veit at kampen om rassikringsmidlar er stor, og at vegstyremaktene og politikarane må prioritere hardt. Men Hopsstranda har vore omsnakka i årevis, og framleis verkar det for å vere eit godt stykke fram til ei sikker og varig løysing er på plass. Ei løysing som gjer at dei som jamleg trafikkerer denne vegen kan sove godt om natta – også i periodar av året med ekstra stor rasfare.

I påvente av at noko skjer langs Hopsvatnet, skal vi glede oss over at fleire punkt lenger oppe i dalen no er under utviding og utbetring. Alle monner drar, men det som verkeleg vil utgjere ein stor skilnad på Fv615, er ei tunnelloysing mellom Hope og Straume.

God stadfesting

Om det er eit stykke fram til Fv615 blir ferdig utbetra og rassikra, nærmar det seg litt etter litt for E39 mellom Sandane og Byrkjelo. På direkte spørsmål frå KrF-kollega Tore Storehaug, stadfestar samferdsleminister Knut Arild Hareide at Statens vegvesen skal starte reguleringsplanarbeidet i 2021 i tråd med føringane i statsbudsjettet. I dette er det sett av fem millionar kroner til tiltaket.

Hareide kunne strengt tatt ikkje svare noko anna, men det er godt å få stadfesta at det endeleg er i ferd med å skje noko på ei strekning som manglar mykje på å halde E39-standard, og som er blitt stemoderleg handsama i ei årrekke.

Og så takkar vi nok ein gong FrP-aren Lars Svein Drabløs frå Nordfjordeid, som var ein nøkkelperson for å få midlane inn i budsjettet.

Kvinnedagen

Mange synest nok det er unødvendig at kvinnene skal ha sin eigen dag, og flåsar over at mannfolka også må få det. Men det er no ein gong slik at sjølv om verda går framover – ein finn kvinner i det som før var mannsdominerte yrke og posisjonar – så heng ein etter på fleire felt.

Fjordabladet

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein svært viktig del av rammevilkåra til næringslivet. Mange i regionen driv i bransjar med stor konkurranse og små marginar. Desse opplever auken i eigedomsskatt svært krevjande. Enkelte har fått tredobla kostnadane. Dette er ei lei nøtt for politikarane i den nye kommunen.

Fjordenes Tidende

Batterifabrikken bør hamne i kraftfylket Vestland

Dersom batteria kan dempe dei store forbrukstoppane på straumnettet, kan det òg bidra til å halde prisen på kraft nede. Dette er ei oppgåve som vestnorsk industri må få bryne seg på. Det største kraft- og eksportfylket bør vere eit naturleg val for ny, grøn og kraftkrevjande industri.

Bergens Tidende

Må melde oss på vaksinejakta

Norge har så langt satt mer enn en halv million doser vaksine mot covid-19. Sammenlignet med de beste i klassen er det et skuffende lavt tall. Å kalle det en fiasko er det ikke grunnlag for, men det burde vært gjort mer. Når tilgangen på vaksiner er begrensningen, er det rimelig å kreve større innsats til å skaffe flere enn de vi i dag har utsikter til å få.

Sunnmørsposten

Grensehandel

Varig låg grensehandel er viktig for bøndene, norske arbeidsplassar og ikkje minst norske ungdommar. Dei skal sørge for verdiskaping i framtida.

Bondebladet

Fiskekvoter

Brussel truer med «mottiltak» mot Norge for å oppnå større kvoter i Svalbardsonen. Det er betryggende at fiskeriminister Ingebrigtsen står imot.

Nationen

Det meiner andre

No er det på tide å finne gode løysingar for framtida og fokusere på det som skapar berekraft

■ Innhogg

Partiet Sentrum er eit moderne parti med fokus på berekraft, mangfald, motarbeiding av utanforskap og for inkludering for alle.

Med ein politikk som er grunnlagt på FN sine berekraftsmål meiner eg at partiet Sentrum er vegen å gå for å ta fatt på utfordringane som vi står overfor.

Klimaendringane krev politisk handling. I regionen vår er det mange som merkar konsekvensen av klimaendringane, klimaet har blitt varmare og våtare, det er vanskelegare å dyrke jorda og sørge for mattryggleik.

Samstundes handlar berekraft også om sosial berekraft, om å bygge kapasitet i menneska, om å motarbeide rasisme og fattigdom. Det handlar også om å skape ei økonomisk berekraft der fleire må få moglegheit til å delta i arbeidsliv og verdiska-



– Eg meiner at partiet Sentrum er vegen å gå for å ta fatt på utfordringane som vi står overfor, skriv Audun Mundal.

ping. I FN sitt 17. berekraftsmål les ein om samarbeid for å nå måla. For å lykkast med berekraftmåla trengst det nye sterke partnerskap. Mynde, næringsliv og sivilsamfunn må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Dette vil partiet Sentrum jobbe for.

Etter at eg melde meg ut av KrF, då dei gjekk i regjering saman med Frp, var eg uavhengig heilt til etableringa av parti-

et Sentrum. Eg melde meg inn i partiet Sentrum same dagen som det var blitt kjent at ein ville etablere partiet og stille liste til stortingsvalet no i haust. Dette var eit prosjekt eg ville vere med på.

Håpar at du også kan tenkje deg det!

Audun Mundal, styremedlem i partiet Sentrum Vestland

Firda Tidend

Postboks 38, 6821 Sandane

Tlf.: Annonser, ekspedisjon: 57 86 87 81
Tlf.: Redaksjon: 57 86 87 90E-post: redaksjon@firdatidend.no
annonse@firdatidend.no

Kjem ut tysdag og fredag

ANNONSEPRISAR:

Vanleg plass	kr 9,25 pr. mm + mva
Tekstside	kr 10,90 pr. mm + mva
I. side	kr 18,90 pr. mm + mva
Gratulasjon	kr 120,- + mva

BLADPENGAR:

Prisar 2021:	1mnd	3mnd	6mnd	12mnd
KOMPLETT	209,-	627,-	1254,-	2290,-
DIGITAL	165,-	495,-	990,-	1890,-
UNG	99,-	297,-	594,-	1090,-

Aadne Gloppestad
Redaktør/Dagleg leiar
aadne@firdatidend.no
Tlf.: 57 86 87 90
Mobil 970 76 670

Inger H. Aske Lothe
Journalist
inger@firdatidend.no
Mobil 957 68 769

Hallstein Dvergsdal
Journalist
hallstein@firdatidend.no
Mobil 993 12 586

Siri Cecilie Flatjord
Journalist
journalist@firdatidend.no
Mobil 402 17 537

Janne Gåsemyr
Kontorleiar
janne@firdatidend.no
Tlf.: 57 86 87 81
Tlf. mob.: 979 81 167

Linda van Hulst Florack
Marknadsansvarleg
linda@firdatidend.no
Tlf. mob.: 993 12 834

Evy Merkesdal Flølo
Grafikar
evy@firdatidend.no
Tlf. mob.: 957 78 861

Geir Skagen
Grafikar
geir@firdatidend.no
Tlf.: 57 86 87 86
Tlf. mob.: 970 84 272

ANNONSEFRISTAR:

Til tysdagsavisa:	
Forretningsannonser fredag	kl. 10.00
Rubrikkannonser måndag	kl. 10.00

Til fredagsavisa:	
Forretningsannonser onsdag	kl. 10.00
Rubrikkannonser torsdag	kl. 10.00